

SAMNAGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN
SAK NR..... J.NR.....
15 APR. 2019
EMNEKODE: .....
OBJEKTkode: .....
SAKSH:..... GRADERING.....

Til: Samnanger Kommune

Frå: Samnanger Jeger- og Fiskerlag

## Søknad om tildeling av midlar frå Vilt- og fiskefondet.

Vi viser til lysning i Samningen nr 11 d.å., og vil med dette, søkje om midler fra Vilt- og fiskefondet, på vegne av Samnanger Jeger- og fiskerlag.

Dei seinare år har vi etter søknad, fått tildelt kr. 15.000,- frå fondet til ymse utgifter i samband med drift av laget. Vi håper også i år, å få hjelp av fondet til dette.

Det er særleg på fiskepersida vi har utgifter som kjem inn under fondets formål, og vi har tidligare fått god hjelp av fondet til litt ekstra dekning av utgifter vi har hatt i tilknytning til fiskestell og kultivering.

Også ifjor hadde vi ein del utgifter i samband med reparasjoner og oppgradering av fiskeplassen i Tysseosen og fangstkulpen i laksetrappa. I tillegg vart det kjøpt inn skilt og festemateriell til kr. 7.100,-

Totalt hadde laget kostnader på ca. kr. 12.400,- på fisk og kultivering i fjar. I tillegg kjem straumutgifter til klekkeri på kr. 7.142,-

Også for kommande år ser me for oss å få ein del utgifter i samband med fiskekultivering. Ein del arbeid gjenstår framleis i, og omkring fiskeplassen i Tysseelva. M.a gjenstår det enno å legge nytt tak på fiskebua. Laget har budsjettert med kr. 10.000,- for diverse utgifter i Tysseelva, i tillegg til kr. 80.000,- til prosjektet i Holmavatnet som me allereide har fått tildelt midlar til.

Kort oppsummert søker me fondet om hjelp til kr. 15.000,- til drift av laget og kr. 19.500,- til andre utgifter vi har hatt i 2018 i samband med fiskekultivering i Samnanger.

For Samnanger Jeger- og Fiskerlag

Thor-Olav Holmefjord, leiar fiskenemd.

Tlf 900 58 672, epost: toholmefjord hotmail.com